

## Redigering av nynorsk.no – slik gjer vi det!

Retningslinjer for redaksjonen. Sist oppdatert av Erik, 16.10.2004.

### Stil

Prøv å fortelje det viktigaste i saka i både tittel og ingress, men bruk ikkje det same språket som kjelda vi siterer. Det er særleg viktig når vi siterer bokmålskjelder. Dersom det er mogleg; unngå å bruke dei same orda i tittel og ingress. Prøv å skrive med snert; det gjer ingenting at vi uttrykkjer egne meininga i ingressane og titlane. Vi skal passe oss for svært negativt lada ord, men kan godt «kline til» i nokre samanhengar. Vi er eit medium for nynorskfolk, ikkje tannlaus rapportering om alle artiklar som handlar om nynorsk eller målrørsla.

*Eitt døme:*

#### **Fann 33 skrivefeil i Brendes nynorskbrev**

Språkrådet har korrekturlese eitt brev skrive på nynorsk frå næringsminister Børge Brende. Dei fann 33 feil på 20 liner. Les meir om [oppsiktsvekkjande kunnskapsløyse hjå VG!](#)

### Skrive ny sak i Blogger

1. Logg inn på <http://www.blogger.com/> eller nedst på <http://www.nynorsk.no/>. Trykk på Create under Postingfana.
2. Skriv tittel i Title-feltet og legg inn lenka tittelen skal vere klikkbar til i Link-feltet. Vi legg alltid inn den viktigaste kjelda i Link-feltet.
3. Skriv ingressen i tekst-feltet. Prøv å oppsummere det nyaste og viktigaste i saka. Hugs at ikkje alle lesarane våre er innom så ofte, så prøv å gje litt kontekst kring saka – kvifor skriv vi om dette?
4. Avslutt ingressen med «skriv Stavanger Aftenblad», «fortel Stavanger Aftenblad», «kan ein lese i Stavanger Aftenblad» e.l. Prøv å variere avsluttinga slik at det ikkje blir for kjedeleg. Avsluttinga skal alltid vere ei klikkbar lenke til saka. Dersom det er fleire kjelder, kan vi anten skilje dei med komma eller leggje inn ei liste (se nedanfor).  
Vi brukar alltid fullt namn på alle aviser (Bergens Tidende, ikkje BT, Bergensavisa, ikkje BA).  
Når vi siterer NRK, brukar vi alltid NRK + avdelingsnamn (NRK Nyhende, NRK Sogn og Fjordane, NRK Kultur). Hugs at TV 2 skrivast med mellomrom mellom TV og 2!  
Vi fornorskar nokre medienamn: TV 2 Nettavisa, Bergensavisa, Adresseavisa/Adressa

### Redigere sak som allereie ligg ute på nynorsk.no

1. Trykk på |-teiknet framfor «Tips ein ven». Dersom du er logga inn kjem du rett til saka. Om du ikkje er logga inn, må du gjere det fyrst.
2. Gjer endringane som skal til (sjå retningslinene ovafor) og trykk på Publish.

## HTML-tips

Kodane er merka i blått, det du må bytte ut/skrive i raudt.

### Lage ny lenke

Du kan òg trykkje på lenke-knappen inne i Blogger.

```
<a href="lenkemål">lenketeksten</a>
```

### Lage ei liste

```
<p><strong>Overskrift over lista</strong></p>
```

```
<ul>
```

```
<li><a href="lenkemål">lenketeksten</a></li>
```

```
<li><a href="lenkemål">lenketeksten</a></li>
```

```
<li><a href="lenkemål">lenketeksten</a></li>
```

```
</ul>
```

Kvar <li> er eit nytt prikkpunkt. Du kan bruke så mange li-ar som du vil.

### Feit skrift

```
<strong>teksten som skal vere feit</strong>
```

### Kursiv

Kursiv er vanskeleg å lese på skjerm, tenk deg om før du brukar det!

```
<em>teksten som skal vere i kursiv</em>
```

### Lage fleire avsnitt i ingressen

Bør ikkje brukast ofte!

```
Teksten som skal vere i fyrste avsnitt</p>
```

```
<p>Teksten som skal vere i andre avsnitt
```

For dei som kan HTML: Malen legg på <p> framfor og etter kvar ingress, så vi må ikkje leggje på p-ar heilt fyrst eller heilt til slutt inne i Blogger.

### Praktiske formatteringsting

#### Mjuk bindestrek: **&shy;**

Bruk mjuk bindestrek for å dele ord som vanlegvis ikkje har bindestrek. Døme: Sentral&shy;sjukehus.

Bindestreken dukkar opp når det er bruk for han, og er skjult elles.

#### Hardt mellomrom: **&nbsp;**

Harde mellomrom delar seg ikkje på slutten av liner. Bruk hardt mellomrom mellom f.eks. tal: 10&nbsp;000 for å skrive 10 000. Då held 10 og 000 seg saman, og blir ikkje delt på slutten av lina.

#### «Norske hermeteikn»: **&laquo; &raquo;**

Bruk anten kodane over, eller hald nede Alt-tasten medan du skriv 0171 eller 0187 på det numeriske tastaturet.

"-teiknet skal IKKJE brukast som hermeteikn!